

FFO Hordaland
FFO Rogaland
SAFO Rogaland
SAFO Hordaland
Rogaland Fylkeseldreråd
Hordaland Fylkeseldreråd
ACTIS
Kreftforeningen

Oppnemning av representantar til brukarutvalet i Helse Fonna 2019-2021

Styret i Helse Fonna skal oppnemne nytt brukarutval for perioden 2019 til 2021.

Brukarutvalet vil frå januar 2019 bestå av åtte representantar.

Det er i 2017 utarbeidd felles retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest, og styret i Helse Fonna slutta seg til dei nye retningslinjene i møte 19.06.17, sak 47/17.

Helseføretaket ber her brukarorganisasjonane føreslå representantar til utvalet. Det skal leggast vekt på breiast mogeleg representasjon frå medlemsmassen slik at ulike pasientgrupper blir representerte. [Retningslinjer for brukarmedverknad](#) og oppnemning til brukarutvalet er å finne på våre nettsider som det er lenke til her.

Organisasjonane blir bedt om å føreslå fleire kandidatar enn dei får inn i utvalet. Vi ber også om at det blir sendt informasjon om relevant formal- og realkompetanse, da dette saman med intervju vil danne grunnlag for utveljing av representantar.

Brukarutvalet i Helse Fonna 2019 – 2021 skal ha slik samansetjing:

	Faste representantar	Vararepresentantar
FFO Hordaland	1	1
FFO Rogaland	2	1
SAFO Rogaland	1	1
SAFO Hordaland	1	
Rogaland Fylkeseldreråd ¹	1	
Hordaland Fylkeseldreråd		1
ACTIS	1	1
Kreftforeningen	1	1

Frist for å sende inn forslag er 15. oktober 2018

Med helsing

Kari Ugland

Samhandlingsjef

¹ Fylkeseldreråda vekslar på å ha fast representant og vararepresentant